

Framlegg til
REGULERINGSFØRESEGNER
FOR
DETALJREGULERINGSPLAN
FOR TANGEN REINSEANLEGG.

Plan ID - 2017001

§1 Reguleringsføresegnene gjeld for området avgrensa på plankartet.

§2 Planområdet er inndelt i reguleringsområde med føremål etter PBL §12.5:

BUSETNAD OG ANLEGG (§12.5 nr. 1)

- | | | |
|--------|---------------------|-----|
| • 1589 | Uthus/naust/badehus | BUN |
|--------|---------------------|-----|

SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (§12.5 nr. 2)

- | | | |
|--------|---------------------------------|-----|
| • 2011 | Køyreveg | SKV |
| • 2015 | Gangveg- og sykkelveg | SGS |
| • 2027 | Tekniske bygningar/konstruksjon | STB |
| • 2082 | Parkeringsplassar | SPP |

GRØNSTRUKTUR (§12.5 nr. 3)

- | | | |
|--------|---------------|---|
| • 3001 | Grøntstruktur | G |
|--------|---------------|---|

BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG (§12.5 nr. 6)

- | | | |
|--------|--|-----|
| • 6720 | Friluftsområde i sjø og vassdrag
med tilhøyrande strandsone | VFS |
|--------|--|-----|

OMSYNSSLER (§12.6 nr. 6)

- | | |
|--------|-----------|
| • H320 | Flaumsone |
|--------|-----------|

§3 Felles føresegner.

3.1 Føremål

Detaljplanen legg til rette for reinseanlegg med infrastruktur med vekt på bevaring av friområdet Tangen som grøn lunge i det bynære området.

§4 §12.5 nr. 1 Busetnad og anlegg

4.1 BUN Uthus/naust/badehus

- 4.1.1 Områda BUN1 til BUN6 er satt av til naust. Bygning skal vere i eitt plan oppført av trevirke. Takform skal vere saltak med takvinkel 22-35°.
- 4.1.2 Eigrar av naust kan sjøsette fritidsbåtar og parkere i området.
- 4.1.3 Tilrettelegging for rampe for sjøsetting er tillate.

§5 §12.5 nr. 2 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

5.1 SKV Køyreveg

- 5.1.1 Kommunal køyreveg o_SKV1 langsmed Storelva skal ha fast dekke i 5m breidde. Vedlikehald og brøyting er kommunen sitt ansvar.
- 5.1.2 Kommunal køyreveg o_SKV2 frå avkøyring ved SKV1 til snuplass skal ha grusa dekke i 4m breidde. Vedlikehald og brøyting som er nødvendig for ettersyn og vedlikehald av pumpehus er kommunen sitt ansvar. Stikkvegar og avkøyrlar elles skal driftast av nausteigarane.

5.2 SGS Gang- og sykkelveg

- 5.2.1 Kommunal gang- og sykkelveg skal ha grusa dekke i inntil 4m breidde. Vedlikehald og brøyting er kommunen sitt ansvar. Motorisert ferdsel som ikkje gjeld vedlikehald er ikkje tillate.

5.3 STB Tekniske bygningar/konstruksjon

- 5.3.1 Område STB1 er sett av til reinseanlegg.
- 5.3.2 Lågaste byggehøgd på innvendig golv i nedste plan er sett til kote 4,2 moh jf. Norconsult AS si flaumsonekartlegging av 2018-02-19.
Høgste tillate takkonstruksjon skal ikkje vere høgare enn kote 14 moh.
Høgste tillat BYA i området STB1 skal vere 430m².

- 5.3.3 Nytt renseanlegg må tilfredsstilla krava til luftkvalitet som er sett i Forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften).
- 5.3.4 Eventuell utvendig støy skal ikke vere høgare enn angitt i retningslinjene T – 1442/2016.
- 5.3.5 I området inngår det snu- og oppstillingsplass for køyretøy og maskinar i samband med arbeid på reinseanlegget.
- 5.3.6 Område STB2 er sett av til pumpestasjon. Ved ev. fjerning av bygning skal areal tilbakeførast til grønstruktur G.

5.4 SPP Parkeringsplassar

- 5.4.1 Område sett av til parkering. Parkeringsplass driftast av Sauda kommune.

§6 §12.5 nr. 3 Grønstruktur

- 6.1.1 Område sett av til Grøntområde. Kommunen skal drifte grøntanlegg og plenområde ved SKV2.
- 6.1.2 Naust på Tangen skal driftast av dei einskilde eigarane etter gjeldande avtalar. Nødvendig vedlikehald av bygningane og eksisterande brygger av tre eller stein er tillate, medan tilbygg og utviding ikke er tillate.
- 6.1.3 Plassering av campingvogn og bobil eller telting er ikke tillate i området.

§7 §12.5 nr. 6 Bruk og vern av sjø og vassdrag

- 7.1.1 VFS1 omfattar Storelva som inngår i regulert vassdrag. Tiltak i og ved elva skal varslast eigar/regulant av elva i god tid før arbeidet skal ta til.
- 7.1.2 VFS2 omfattar Nordelva som inngår i verna vassdrag. Tiltak i elva og på elva si strandline skal ikke skje utan avtale med Sauda kommune og NVE.
- 7.1.3 Sauda kommune tek ikke på seg erstatningsansvar som følgje av skader på brygger, ramper, naust og anna innretning og utstyr som er bygd eller plassert på Sauda kommune sin eigedom.

§8 §12.6 nr. 6 Omsynssoner

- 8.1.1 Område H320 er faresone for flaum. Flaumsonekartlegging skal ligge til grunn for nye bygjetiltak i sona.

Revidert 21.03.2018